



To uskedelingar og ein turist vann: Frå venstre Anne Lena Sunde, Silje Frækeland Sanne og Kai Andre Sunde

Det tar til å nærma seg sesongslutt også for quizen på Systrene Nilsen. Berre 4 lag stilte opp i kveld og dei skarpe laga vi kjenner frå oppgjera i sommar var fråverande. Men Morten Nilsen har som målsettjing å gjennomføra dystane så lenge det er så mange som 3 lag med og det skal han ha ros for..

Han leia sjølv oppgjeret i kveld og hadde eit knippe med spørsmål som var akkurat passe krevjande innan sektorane geografi, historie, vin og drikke, folk og samfunn.

Og så kom han med noko nytt til slutt, som han hadde kalla logikaren og som var eigna til å skilla klinten frå kveiten. Men det var allereie skjedd, laget Dei tre musketerane hadde sikra seg eit solid forsprang og gjekk til topps med 5 poengs margin. Laget var ein kombinasjon av uskedelingar og ein turist og dei fekk 41 poeng.

På andrelassen med 36 kom eit reint Uskedalslag bestående av Nils Naasen og Trond Olsen som kalla seg Nybyggerane. Dei øvrige var tilreisande. Tredjelassen fekk Ytterkaien med 30 og nummer 4 vart K og G med 24.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen